


Rapport- Papirposar

Volda kommunestyre vedtok hausten 2020, saman med gebyra for renovasjon og slam, eit oversendingsframlegg til administrasjonen til VØR. Framlegget oppmoda VØR til å undersøke moglegheitene for å skifte posar brukt til innsamling av matavfall, frå plast til papir.



Kva rører seg?

- Miljødirektoratet, på vegne av klima- og miljødepartementet, har hatt eit nytt kapittel 10a i avfallsforskrifta om utsortering og materialgjenvinning av bioavfall og plastavfall på høyring.
- Det har vore saker i mediebletet siste to åra, der grønne partiklar frå innsamlingsposane til matavfall har vore synleg på markar etter bønder har brukt av biogjødsel. Greve Biogass i Tønsberg er det anlegget som har vore mest omtala
- Høyringsvar frå Noreg Bondelag til forslag om forskrift om utsortering og materialgjenvinning av bioavfall og plast:
 - «Bondeorganisasjonen stiller seg bak eit krav om at framleis bruk av bioest på norske marker, er avhengig av at ein finn løysingar for å unngå eller kraftig redusere innhald av plastpartiklar i biogjødsel som kjem frå behandlingsanlegg for matavfall.»
- Nytt målepunkt for materialgjenvinning- svinn i prosessen skal bort. Plast er eit slikt svinn.
- Brukerundersøking 2021: 6/10 interessert i å bytte ut plastposen med papirpose dersom dei får tilbod om dette frå VØR.
 - Tyder at innbyggjarane er miljømedvitne og ønskjer å levere «reint» matavfall til materialgjenvinning, utan innhald av plast.

VØR I dag

- I dag nyttar VØR grøne posar av resirkulert plast til samle inn matavfallet i.
- Unngår at posar blotnar og går i oppløysing, dei held seg lengre i kjøkkenbenken og gir dermed eit lågare forbruk. Toler betre komprimering i bil, er rimelegare og plastrullane tek liten plass.
- Har utvilsamt vore sterk medverkande årsak til den gode oppslutninga om matavfallinnsamlinga- «brukarvennleg og hygienisk.»
- I 2019 og 2020 sorterte i snitt kvar innbyggjar i Volda og Ørsta om lag 74 og 78 kg matavfall. «I beste klassa»
- Mjøsanlegget, som VØR leverer matavfall til, har ikkje vore i media for å utselepp av plastpartiklar i naturen gjennom biogjødsling. Likevel, er det ingen garanti for at dette ikkje vil skje.



Erfaringar med papirposar

- *Hadeland og Ringerike Avfallselskap AS (HRA)*

- Har nytta papirposar i over 20 år til sine 66 000 innbyggjarar.
- Selskapet melder om lite tilbakemeldingar om misnøye rundt denne bruken.
- Noko problem med posar som går i oppløysing ved vått matavfall- supperestar, rømme, olje osv.
- Korrigerer dette med god kommunikasjon:
 - «få folk til å innføre vaner om å skifte papirposar hurtig, bruke dobbelt lag med posar ved ekstra vått matavfall, fryse ned skaldyrrestar før hentedag, plassere matavfallpose til tørking på trammen før det går i matavfallsbeholdaren og legge eit aviseksemlar i botnen for å hindre at posane frys seg fast i behaldar på vinterstid»
 - Forventningar til godt vedlikehald av behaldarar for å hindre lukt og bakterietilvekst.
- HRA samla i 2019 inn rundt 62 kg matavfall per innbyggjar. (har henting av matavfall, saman med restavfall kvar 14.dag).

- *Horisont* er eit interkommunalt avfallselskap eigd av kommunane Gjøvik, Østre Toten, Vestre Toten, Søndre Land og Nordre Land.


- Har nytta papirposar i over 20 år.
- Horisont leverer i dag matavfallet sitt til same mottaksanlegg som VØR, Mjøsanlegget
- Opplev lite klaging frå abonnentar. Dersom ein har vått matavfall blir ein oppmoda om å legge dette i doble papirposar eller drikkekartongar som ein forseglar og puttar i papirposen.
- Lagring og distribusjon
- Samla inn 62 kg matavfall per innbyggjar i 2020 (hentefrekvens på restavfall kvar fjerde veke).

Erfaringar med papirposar

- Sirkula er eigd av kommunane Ringsaker, Hamar, Løten og Stange.
 - Gjekk bort frå papirposar i 2016 til fordel for plastposar.
 - Grunngevinga for dette var utfordringar med papirposar som gjekk i oppløysning, hygieniske forhold for abonnent og behaldar, samt lukt og brukarvennlegheit.
 - Sirkula sorterte ut 73 kg matavfall per innbyggjar i 2019. (hentefrekvens på restavfall kvar fjerde veke)
- IRS Miljø er eit interkommunalt avfallselskap for kommunane Flekkefjord, Kvinesdal, Lund og Sirdal og dekkjer omtrent 19 900 innbyggjarar.
 - IRS tilbyr papirposar til sine innbyggjarar og er nøgde med desse. Selskapet komposterer matavfallet sitt sjølv i eige anlegg.
 - Hyppig tømning av matavfallet og fri tilgang til papirposar gir mindre lukt og problem med papirposar.
 - Samla inn 83 kg matavfall per innbyggjar i 2020 (kvar fjerde veke på restavfall)
- RIR (romsdalshalvøya interkommunale renovasjonselskap)
 - Utleverte papirposar til abonnentane sine ved innføring av matavfallsortering på slutten av 1990-talet. Gjekk bort frå dette og over til plastposar på grunn av misnøye med oppløysing og at papirposar måtte bli bytta ofte.
 - Abonnentane må sørge for plastposar sjølve. Argumentasjon: RIR tilfører ikkje marknaden unødig plastsparte kostnader og redusert klimautslepp.
 - Har gått fint. Noko misnøye med dette i dag.
 - Ser no på meir miljøvennleg alternativ
 - Argumenta mot plast: Er eit restavfallsprodukt som gir svinn. Bekymringar om mikroplast i bioresten som brukast som gjødsel. Det er også ei ulempe med plastposar ved at dei hindrar fordamping, slik at ein køyrer unødvendig mykje vatn til mottaksanlegg (som ligg i Sverige for RIR).
 - I 2020 samla RIR inn 53 kg matavfall per innbyggjar. RIR hentar matavfall kvar 14. dag, den same frekvensen gjeld restavfallet.

Prøveprosjekt papirposar

Positivt	Negativt
Luktar lite eller ingenting av matavfallet i kjøkkenbenk/skuff.	Meir lukt i behaldar (i forhold til plastposar)
Tolerer mykje «fuktig» avfall. Posen blir blaut, men renn ikkje væske gjennom	Ein tilsett opplevde at oljerestar frå fetaost gjekk gjennom posen og mugg på utside av pose
Opplev papirposar som meir miljøvennleg. Mindre plast i matavfallet	Må gå oftare ut med matavfallet- gjeld spesielt dei som har mykje matavfall
Overraskande brukarvennleg dersom ein hugsar å bytte posar hyppig (2-3 dagar mellom kvar bytte)	Litt vanskeleg å lukke posen, spesielt visst ein har gløymt å bytte poser og denne blir meir enn halvfull
Trådstativ passar godt i skap, der matavfallsbeholdar har stått	Trådstativ og behaldarar passar ikkje så godt hjå dei som har avfallskuffer, med egne kjeldesorteringsløsningar
Trådstativ og korg har oppsamlingfunksjon, dersom det går hull på papirposen. Lett å reingjere	Papirposen er litt liten, må trykke den til for å få ut kanter i botnen



«Poseprosjektet»

- Pågående diskusjon i avfallsbransjen rundt bruken av plastposar, papirposar og bioposar til innsamling av matavfall.
- Formålet med prosjekt er å auke mengder matavfall innsamla og redusere risikoen for mikroplast på avvegar. Resultatet frå prosjektet er å forvente hausten 2021.
- Bioposar er blitt fronta som særst brukarvennlege av fleire avfallselskap. Komposterer i rett temperatur og forhold. Klarer no å sortere desse ut i utvalde biogassanlegg i Noreg- Ecopro
- Midt Norge- største posekontrakta (60 kommunar)
- Dyrare enn papirposar og plast (60 øre)
- «Ingen plast»
- Går raskt i komposteringsmodus ved kontakt med fuktig avfall og varme.
- Elles ser dei ut til å fungere særst godt til sitt formål. Må brukast innan gitt frist.

